

**Gunnar Låstad:**

## ***Salhus Musikklag 100 år—26. april 2011***

”Da var ein gong” skreiv Asbjørnsen og Moe. Høyrest veldig lenge sia ut...100 år sia...? Jau da er lenge sia Salhus Musikklag blei stifta, nærmare bestemt 26. april 1911,. Disponenten ved Salhus Tricotagefabrikk hadde nok spørt seg sjøl: ”Kor e årena vorte tå”? visst han hadde vore blant oss i dag, for da er vel han vi må takka for at vi i dag kan vera medlem i musikklaget i Salhus, spela konsertar, reisa på tur, vera med på NM, vera med i konkurransar, møtast til øving kvar mandag kl. 1900 i Salhushallen, spela 17. mai, spela julafta og gleda lokalsamfunnet med julasongar. Er vi ikkje heldig som kan formidla musikk, kjenna gleden av å mestra musikken i lag, kjenna gleden av sosialt samvær. Kjenna gleden av akkordar som set seg i kroppen og blandar seg med blodet.

Jau, vi skal takka Emil Clausen, og vi skal takka dei 12 første medlemmane som sa seg villig til å vera med, og dei tre første som blei valgt inn i styret. Jørgen Marius Larsen drog i gong og han blei valgt til lagets første formann. Han hadde med seg Georg Nygaard og Marius Bergesen.

Dei ansatte Musikkersjant BUNTZ som lagets første dirigent, og øvelsane gjekk føre seg i fabrikkjen, seinare på gamleskulen (1878). Clausen finansierte innkjøp av instrument og ved tilbakebetaling ettergav han 50 % av lånet. Året etter kjøpte dei ein tuba til og tre klarinettar som gjorde at laget kunne kalla seg eit Janitsjarkorps. Det varte til 1988 då tilgangen på treblås var dårlig og korpset konverterte til Brass-Band, som Salhus Musikklag er i dag.

Entusiasmen var stor og allerede året etter spelte dei i 17. mai prosesjonen og samme høst storkonsert i bedehuset Betania med stappfullt hus. 1913 var første gongen dei spelte ute julafta, ein tradisjon dei har tatt vare på kvart år heilt fram til i dag, bortsett frå nokre få år under krigen.

Uvisst av kva grunn, men korpset blei inaktiv i 1920, men starta opp igjen med ny dirigent sesongen 1921. Marius Pedersen blei ansatt, og han dreiv korpset framøve i 1920- og 1930-åra til han gav seg i 1938. Han gjorde ein formidabel jobb og



*Jørgen Marius Larsen  
(1886-1953)*

*Utlån:*

*Tormod Torkelsen*



### *Salhus Musikklag anno 1919*

*Bak frå venstre: Mons Thommasen, Nils Marthinussen, Malvin Monsen, Paul Karlsen, Oskar Låstad, Alfred Slettebakken, Andreas Eikeland, Hjalmar Revheim, Martin Knudsen, Alfred Wedå, Einar Nilsen, Herman Nilsen, Johannes Hordvik  
I midten frå venstre: Ingvald Monsen, Theodor Monsen, A. Rydland, Alfred Hjelmås og Amandus Jacobsen. Framme: dirigent Andreas L Eide  
Bildet er utlånt av Salhus musikklag*

Salhus Musikklag blei sett på som eit av dei beste korpsa i Bergen og omegn. Fleire av korpset medlemma holdt eit nivå som låg langt over da ein kunne kalla vanlig amatørnivå.

### **25-årsjubileet i 1936**

25-årsjubileet blei feira med brask og bram i 1936, men lite visste dei om krigen som vil bryta ut om 4 år. Korpset blei då "sovande" nokre år, sjølv om dei lurte seg te litt speling innimellom. Tragisk var da likevel at så godt som alle noter forsvann og ikkje minst alle møteprotokollar.

Av den grunn gjorde Einar Låstad ein svær jobb med nerskriving av laget sin historie fram til 1940, ved intervju av gamle medlemmar. Historien kan lesast i jubileumstidsskriftet 1911-1986 (75 år). Takk til han.

Olav "Laffen" Tellevik tok i 1943 initiativ til å starta lagsarbeidet igjen, og han fekk med seg nesten alle gamle medlemmar slek at korpset igjen kunne gleda lokalsamfunnet med klingande tonar når freden kom i 1945. Ein kan vel sjølv tenka seg kva følelsar som trengte seg på når musikklaget stemte opp med fedrelandssongen 17. mai same år. Med Olav Tellevik som dirigent presterte dei på eit høgt nivå og medlemstalet økte. Interessen var stor og musikklaget tok etter kvart initiativ, samen med skulen, å starta opp Salhus Gutemusikk i 1951. Johannes Kalvik og Ingolf Torkildsen fekk oppdraget, og begge var svært aktive i arbeidet i fleire år.

Seinare blei da Salhus Skulemusikk då jentene kom med, heldigvis.

Johannes Kalvik begynte i musikklaget 1931 og la inn årena julafta 2002. Han var ein bauta i korpsmiljøet i Salhus/Hordaland. Han er æresmedlem i Eikanger/Bjørsvik musikklag, i Hordvik Musikklag og sjølsagt Salhus Musikklag. Han har og mottatt Kulturprisen i Åsane i 2001.

*"Ikkje spør kva Salhus kan gjera for deg, men kva du kan gjera for Salhus"* var da ein 17. mai talar som sa for nokre år sia. Johannes Kalvik nikka samtykkande, og han har so rett so rett.

Noke å tenka på for noken og ein kvar, kanskje?

Ingolf Torkildsen var og ein markant person i korpset som svært habil muskar, arrangør og komponist. Han mottok NMF høgaste utmerkelse SØLVTROMPETEN i 1957.

1960 vart ein milepel i lagets historie då jentene fekk vera med. Vigdis og Arnhild Selvik samt Velaug Vikne var dei 3 første jentene som kom med. Seinare har da naturlegvis blitt fleire.

I 1961 feira musikklaget 50 –års jubileum med stor og flott besetning, og ikkje minst var da stort at jubileet blei feira i Salhus si nybygde storstove Salhushallen. Musikklaget var ein av eigarane saman med andre lag i Salhus. Der blei da og filmframsyning kvar onsdag og søndag, noke musikklaget tok initiativ til.

1960 talet raste av gårde med høg aktivitet, og 60–års jubileet kunne feirast i 1971 med god besetning. Olav Tellevik blei sjuk og døde i 1972 etter mange år som dirigent og inspirator, men han fekk heldigvis arrangert ferdig "Kjente Salhustonar" som ein kan høyra på LP-plata: *"Dra til Salhus"* som kom ut i 1979. Plata var eit sammarbeidsprosjekt mellom alle lag i Salhus, dette for å visa tversnittet av kulturlivet i bygda.



***Salhus Musikklag anno 1936***

*Bak frå venstre:*

*Magnus Falkanger (1911-2005), Dagfinn Hammer Wikne (1909-1985), Øystein Selvik (1906-1973), Johannes Kalvik f. 1917, Johan Jacobsen (1921-1948), Harald Selvik (1901-1965), John Johnsen (1907-1987) og Nils Herman Nilsen (1893-1971).*

*I midten fra venstre:*

*Nils Olai Martinussen (1881-1952), Ingvald Kristoffer Monsen (1899-1970), Birger Selvik (1900-1965), Erling Johan Skarås (1909-1982), Bernhard Slettebakken (1911-1996), Einar Nilsen (1898-1953), Ragnar Arthur Morvik (1915-2003), Arthur Birger Knutsen (1914-1984) og Bjarne Pedersen (1917-1970).*

*Framme frå venstre:*

*Øyvind Jakobsen (1912-1985), Olaf Oskar Tellevik (1919-1971), Ingolf Johan Torkildsen (1907-1966), Alfred Johan Wedaa (1897-1972), dirigent Marius Pedersen, Alf Hjelmaas (1911-1984), Oskar Andreas Foiland (1908-1967), Marton Johan Lindseth (1915-1991), Theodor Andreas Monsen (1895-1967) og Johannes Vedå (1918-2001). Bildet er utlånt av Salhus Musikklag*



*Salhus Musikklag anno 1961*

*Bak fra venstre: Velaug Wikne, Arnhild Selvik, Alf Snæland, Vigdis Selvik, Ivar Karlsen, Herleiv Karlsen, Oddvar Løtveit, Bernard Slettebakken, Arne Vik, Magnus Falkanger, John Johnsen, Rolf Rønhovde, Einar Låstad, Øystein Selvik, Leif Hjelmås, Monrad Fotland, Monrad Vedå, Jan Farestveit, Tor Langeland og Johannes Kalvik*

*Framme frå venstre: Alf Hjelmås, Halstein Wikne, Ingolf Torkildsen, Per Rasmussen, Kåre Slettebakken, Sigvald Tellevik, dirigent Olaf Tellevik, Valter Jacobsen, Terje Kaland, Rolf Bogetveit, Arne Kalvik, Tore Johannesen og Arthur Knutsen*

*Bildet er utlånt av Salhus Musikklag*

Audun Møllerup Boge blei ansatt som dirigent etter anbefaling frå "Laffen". Han svinga taktstokken i 7 år. Etter han blei Georg Silver ansatt og han blei verande til 1988, då korpset valgte å skifta besetning frå Janitsjar til BrassBand. Han var dirigent i forbindelse med innspeling av LP-plata "Dra til Salhus" i 1979.

Salhusdagane vart nok ei storsatsing nokre år rundt 1980, med primus motor Erling Slettebakken.

Viktige støttespelara var Baste Nepstad og Lars Nilsen. Sistnevnte var og særskild viktig i arbeidet med jubileumsboka fra 1986 (75 år) saman med Einar Låstad.

Ein uforgløyemeleg tur til Kristiansand blei gjennomført i desse åra, men likevel blei besetningen meir og meir prega av lite treblås i dei kommande år, og kulminerte med at årsmøtet bestemte at korpset ville satsa vidare som Brass Band. Vi får vel sei at ei ny tid har starta, og ei tid for oppsummering passa.

Johannes Kalvik er nevnt, likeså Ingolf Torkildsen, og Olav Tellevik, men æresmedlemmar som Bernhard Slettebakken, tuba (51 år), Alf Hjelmaas, klarinett (50 år) Magnus Falkanger, baryton (46 år), Øystein Selvik, baryton (50 år +), Einar Låstad, tuba (47 år), Walter Jacobsen, horn (60 år), Monrad Fotland, slagverk (60 år). Alle med sine særegenheter og sterke bidrag til musikklaget drift. Andre som bør nevnt er Hallstein Wikne (34 år), kanskje den musikanten som låg på aller høgast nivå av alle, uten å fornærma noken. Arthur Knudsen, kornett (47 år), Alf Snæland, klarinett (41 år), Egil Hestnes, slagverk (48 år), Terje Kaland, horn (44 år), Kåre Slettebakken, horn (50 år), Harald Holdhus, horn (46 år) og Irene Haukås, kornett (40 år). Fleire av desse har vore bærebjelkar i alle år. Har eg gløymt nokken, so får dei ha meg unnskyldt.

Knut Emil Mjøs blei ansatt som dirigent (1988), og korpset dreiv på vidare med godt mot. Dei fekk problemer med besetningen når skulemusikken blei nedlagt tidlig på 1990-talet. Rekrutteringa svikta, men mange medlemmar viste sterk lojalitet til korpset og tiåret fram mot 90-årsjubileet vart prega av akkurat dette, men den sosiale delen av driften blei godt tatt vare på. Jubileet blei feira med festligheter og ikkje minst første utenlandstur i 2001. Turen gjekk til Aberdeen, og alle var enig om at turen var ein suksess. I 2003 gjekk turen til Praha og i 2006 til Wien og Budapest. Alle turane var opplevingar utanom det vanlige og til sommaren blir da nok ein tur. La oss håpa 100-årsjubileet blir krona med same opplevingar som før om årena.

La meg og leggja til at inn i mellom utenlandsturar har vi avslutta sesongane dei seinare år med kjekke helgeturar ei lita dagsreise frå Salhus.

Dei seinare åra har korpset vore med i NM og diverse underholdningskonkurransar. Dette er noke alle synest er kjekt og hjelper godt på for å halde trykket oppe når det gjelder øving og ikkje minst heimeøving. Med litt forsterkingar klarte vi å vinna "VÅRSPRETTEN" på Askøy i 2002.





*På lagets første utenlandsreise, i Aberdeen i 2001*

*Framme frå venstre: Gunnar Låstad, Monrad Fotland, Helge Løvteit, Christian Lunde Nilsen, Valter Jacobsen, Helge Sætre, Irene Haukås, Astrid Oma og fotograf Gro Alvheim*

*Bak frå venstre: Guiden, Rune Slettebakken, Tor-Inge Holdhus, Kåre Slettebakken, Agnar Sætre, Harald Holdhus, Frank Rønhovde, Gunnar Jordal, Trond Rønhovde, dirigent Knut Emil Mjøs, Jarle Spjell. Fotograf: Gro Alvheim*


*Bildet er utlånt av Salhus Musikklag*

La meg leggja til at fleire korps fra 1. og 2. divisjon var med, og utgangspunktet er at dei er vesentlig bedre enn oss, så konserten ”sat som ei kula”.

Morsomt var da når resultatena skulle lesast opp. Dei begynte bakerst og jobba seg oppover lista. Når tredjeplassen blei lest kom da ein spørjande kommentar frå ein av medlemmane: *Har dei gløymt oss*”. Ingen hadde forhåpningar om seier, men når vi blei lest opp stod sjølvsagt jubelen i taket. Ein seier for alle og ikkje minst for vår dirigent Knut Emil Mjøs.

La oss alle som er glad i Salhus Musikklag og korpsmusikk håpa at vi kan driva vidare med entusiasme og glød, og at prestasjonane blir prega av det. Vår tilknytning vil alltid vera i Salhus og da er dar vi skal visa oss fram, og vi skal ta vare på vårt kulturelle ansvar og prøva å ta vare på arven frå dei før oss.

LYKKE TIL MED JUBILEET, OG GRATULERE MED DAGEN 26. APRIL  
TIL ALLE SOM ER GLAD I SALHUS MUSIKKLAG



***Salhus Musikklag anno 1951***

*Bak frå venstre: Dagfinn Hammer Wikne, Øystein Selvik, John Johnsen,  
Bernhard Slettebakken, Alf Tellevik, Einar Låstad,*

*3. rekke: John Vedå, Johan Monsen, Birger Selvik, Odd Låstad,  
Olav Falkanger, Magnus Falkanger, Alfred Vedå*

*2. rekke: Johannes Kalvik, Ragnar Morvik, Monrad Vedå, Arthur Låstad,  
Johan Monsen, Erling Skarås, Sigvald Tellevik, Arthur Birger Knutsen og  
Monrad Fotland*

*1.rekke: Oscar Fotland, Kjell Karlsen, Ingolf Johan Torkildsen, Alf Hjelmaas,  
dirigent Olaf Oskar Tellevik, Johannes Vedå, Birger Karlsen, Alf Snæland  
Bildet er utlånt av Salhus Musikklag*

**Åsane Historielag gratulerer**

**Salhus Musikklag med 100-årsjubileet!!**